

## PROTOKOLL

### Representantskapet Region Nordhordland Helsehus IKS

**Møte: 2-2016**

**Tid: Fredag 2. desember 2016 kl. 10:00 - 11:00**

**Stad: Nordhordland Utviklingsselskap IKS, møterom**

**Til stades:**

Ordfører:	Karstein Totland, Jon Askeland, Hallvard Oppedal, Jarle Skeidsvoll, Øyvind H. Oddekalv, Stian Herøy, Per Lerøy, Astrid Aarhus Byrknes
Rådmenn:	Ørjan Raknes Forthun
Styret RNHI:	Håkon Matre
RNHI:	Rune Heradstveit
Forfall:	Tom Kristian Thorsen

<b>Sak 9/16</b>	<p><b>Godkjenning møteinnkalling og saksliste</b></p> <p><b>Samrøystes vedtak:</b> Møteinnkalling og saksliste vart godkjent.</p>
<b>Sak 10/16</b>	<p><b>Val av to representantar i tillegg til leiar for underskriving av protokoll</b> Astrid Aarhus Byrknes og Øyvind Oddekalv vart valt til å skriva under protokoll i tillegg til leiar.</p>
<b>Sak 11/16</b>	<p><b>Godkjenning møteprotokoll Representantskap 1-2016</b></p> <p><b>Samrøystes vedtak:</b> Møteprotokoll frå Representantskap 1-2016 vart godkjent utan merknadar.</p>
<b>Sak 12/16</b>	<p><b>Val av styremedlem til RNHI – 2017 – 2018 (vedlegg)</b> Etter selskapsavtalen sit styret to år om gongen. Sitjande styre vart oppnemnt for perioden 2015-2016. Det skal derfor veljast nytt styre. Styremedlem Anne-Grete Strøm-Erichsen ynskjer å gå ut av styret. Dei andre styremedlemmene har stilt seg til disposisjon for ny periode.</p> <p>Valnemnda sitt framlegg til nytt styre for 2017-2018 er:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Håkon Matre, styreleiar</li> <li>• Torbjørn Nævdal, nestleiar</li> <li>• Rita Tveiten, styremedlem</li> <li>• Steinar Hunskaar, styremedlem</li> <li>• Solfrid Olsen Farestveit, styremedlem</li> </ul> <p><b>Samrøystes vedtak:</b> Representantskapet vel følgjande styre for 2017- 2018:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Håkon Matre, styreleiar</li> <li>• Torbjørn Nævdal, nestleiar</li> <li>• Rita Tveiten, styremedlem</li> <li>• Steinar Hunskaar, styremedlem</li> <li>• Solfrid Olsen Farestveit, styremedlem</li> </ul>

<p><b>Sak 13/16</b></p>	<p><b>Fastsetjing av godtgjersle til styret (vedlegg)</b>  Valnemnda føreslår at satsane for styrehonorar for 2017-2018 vert vidareført slik dei er i dag.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Styreleiar: kr 50 000</li> <li>• Nestleiar og medlem: kr 25 000</li> </ul> <p>Dersom ein representant har delteke på mindre enn 50 % av styremøta, vert honoraret redusert til minimum 50 %. Reiseutgifter vert dekkja etter statens regulativ.</p> <p><b>Samrøystes vedtak:</b>  Satsane for styrehonorar 2017-2018 vert sett til:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Styreleiar: kr 50 000</li> <li>• Nestleiar og medlem: kr 25 000</li> </ul> <p>Dersom ein representant har delteke på mindre enn 50 % av styremøta, vert honoraret redusert til minimum 50 %. Reiseutgifter vert dekkja etter statens regulativ.</p>
<p><b>Sak 14/16</b></p>	<p><b>Status for byggjeprojektet</b>  Styreleiar orienterte kort om prosjektet før dagleg leiar hadde ei grundig orientering om status i byggjeprojektet.</p> <p>Når forprosjektet er ferdig, vil det ligge føre ein meir detaljer kalkyle for prosjektet. Det vil påverka behovet for å endra låneramma. Det vil då vera naudsynt at Representantskapet vedtek ei ny låneramme som så igjen må godkjennast av eigarkommunane. Det vil derfor bli kalla inn til eit nytt møte i Representantskapet i februar/mars månad der revidert budsjett og låneramme vert tema.</p> <p><b>Samrøystes vedtak:</b>  Representantskapet tar gjennomgangen av status for byggjeprojektet til orientering og tar til etterretning av det vil vera behov for eit møte i Representantskapet når ein oppdatert kalkyle for prosjektet ligg føre.</p>
<p><b>Sak 15/16</b></p>	<p><b>Godkjenning av budsjett 2017 og økonomiplan 2017-2020 for RNHI</b></p> <p><b>Styret sitt forslag til vedtak i representantskapet:</b>  Representantskapet godkjenner framlagt budsjett for 2017 og økonomiplan for 2017-2020. Budsjettet og økonomiplanen baserer seg på føresetnadar som låg til grunn ved styrehandsaming. Dette vil bli endra etter at forprosjektet er ferdig og kommunane har handsama ny investeringsramme.</p> <p><b>Samrøystes vedtak:</b>  Representantskapet godkjenner framlagt budsjett for 2017 og økonomiplan for 2017-2020.</p>

Knarvik, 2. desember 2016

*Karstein Totland*

Karstein Totland  
Leiar Representantskapet  
Region Nordhordland Helsehus IKS

*Astrid Aarhus Byrknes*

Astrid Aarhus Byrknes  
Medlem Representantskapet  
Region Nordhordland Helsehus IKS

*Øyvind H. Oddekalv*

Øyvind H. Oddekalv  
Medlem Representantskapet  
Region Nordhordland Helsehus IKS